Månadsbrev november 2026

Oktober gjekk fort, og det har blitt mange besøk av Den kulturelle skulesekken for alle trinn, og alle har vore fine. Nullvisjonen sitt bodskap gjorde inntrykk, og nå må alle hugsa å bruka refleks- vest både morgon og kveld for å visa godt att i mørkret! Markering av SN-dagen var kjekk med mange praktiske resultat som blir stilte ut om ikkje så brått. I mens kan de lesa om det på heimesida og SirdalMedia. Månaden blei avslutta med morgonsamling og Halloween til glede for små og store.

November byrja med besøk av kulturell skulesekk for 8.-10. klasse om sorg gjennom filmen "Gjensyn", og onsdag får 5.-7. klasse besøk av Mulki og "Anisas magiske medaljong", før det blir nytt besøk for ungdomstrinnet om tradisjonsmat på fredag. "Hvis du hadde evnen til å forvandle deg til hvem som helst i hele verden, hvem hadde du valgt å bli? I dette forfattermøtet blir elevene kjent med Mulki, som har skrevet og illustrert bokserien "Anisas magiske medaljong." Boka handler om vennskap, identitet, mobbing og magi. Gjennom høytlesning, tegning og elevsamtaler, legger Mulki til rette for leseglede, undring og refleksjon." Anisas magiske medaljong - leselyst 26-27 | Agder DKS



Tradisjonsmat "er en levende og praktisk introduksjon til vår matkulturarv. Elevene får oppleve hvordan mennesker før i tiden utnyttet råvarene og bevarte maten uten moderne hjelpemidler. Med fortelling, bilder og smaksprøver formidles kunnskap om speking, røyking, tørking og syrning. På skolekjøkkenet får elevene selv stå i håndverket – de kinner smør, baker potetlefser og får kjenne på håndverket slik det en gang ble overlevert – fra hånd til hånd. Økten gir både praktiske ferdigheter, historisk innsikt og en opplevelse av fellesskap når vi deler nystekte lefser med eget smør." Tradisjonsmat 2026-27 | Agder DKS

4. november blir det møte i SU, og den lokale trivselsundersøkinga blir snart sendt ut. **12. og 13. november er SFO stengt**, og 13. er det Skulemøte i Rogaland, som er fridag for elevane og planleggingsdag for lærarane.

Det er skuleonsdag 18. november, og då blir det to timars skule før me set kursen for Stavanger, Oljemuseumet, pizza og "Den utrolige historien om den kjempe-store pæra". Kvar kveld fortel søskenparet Mitcho og Sebastian historiar til kvarandre, men ein kveld blir dei forvandla til ein elefant og ein katt og dei hamnar midt i mysteriet om den bortførte borgarmeister Bjergstrøm. Dei finn ein flaskepost med eit brev frå borgarmeisteren, og der ligg det òg eit frø. Når dei sår frøet, byrjar magiske ting å skje! Det er ei bok av Jakob Martin Strid som har blitt teater, og me vann fribillettar i OBOS Billettfond til førestillinga på Rogaland teater. Me gler oss! Førestillinga byrjar kl. 17.00, og varer om lag to timar, så me bør vera heime seinast klokka ni.



Norli lesekonkurranse er ferdig 20. november, så her gjeld det å setja inn sluttspurten! Morgon-samlinga v/5. og 6. klasse er flytta til fredag 20, november, og så avsluttar me november med morgonsamling med julegrantenning og adventssamling ved 1.-4. klasse 30. november.



Sinnes 02.11.26, Åse-Berit Fidjeland